

AREAL: 378 km<sup>2</sup>  
FOLKETAL: 3759



**F**USA, kommunen som i dag strekkjer seg frå Holmefjord i nord til Sundfjord i sør, var frå mellomalderen delt i to skipreide. Den nordlege delen, frå Holmefjord til Koldalselva i Eikelandsosen, hørte til Framnes (Os) skipreide. Resten av soknene Fusa og Hålandsdalen, og Strandvik, utgjorde Strandvik skipreide (Ⓞ433).

Fusa vart skilt frå Os som eige prestegjeld og eigen kommune i 1855. I tidsrommet 1903–1963 var også dei to soknene Strandvik og Hålandsdal egne kommunar.

## EIKELANDSOSEN

Bøndene i Hålandsdalen hadde opplagsplassar for båtar på Torsneset i Eikelandsfjorden, frå mellomalderen like til vårt hundreår. På Torsneset – etter tradisjonen stod det eit hov her for tusen år sidan – låg det også eit gjestgjeveri. Bøndene i Eikelandsfjorden hadde kvern ved Koldalselva, og på 1500- og 1600-talet var det skotteland og sagbruksverksemd ved Koldalsfossen. Industrien kom til bygda på slutten av 1800-talet. To smørfabrikkar, sagbruk, stamper, ein snellefabrikk og eit meieri gav arbeid til mange. Hermetikkindustrien overtok lokalet til den eine smørfabrikken. Samstundes fekk bygda vegutløysing mot hovudsoknet Fusa, og etter kvart nordover mot Tysse og austover mot Hardangerfjorden. Frå 1. april 1896 fekk bygda namnet Eikelandsosen, for å unngå forveksling med Torsnes i Hardanger. Kring hundreårsskiftet voks tettstaden fram. I 1964, då Strandvik, Fusa og Hålandsdalen vart slegne saman til ein kommune, var det naturleg å leggja administrasjonssenteret her.



**PÅ SØLV  
GRUNN  
TRE BLÅ  
SPIRALAR  
STILTE  
I TREPASS**

Våpenet er godkjent ved kgl. res. 27.9.1991 og er teikna av Arvid Sveen. Motivet spelar på innhaldet i bygdenamnet Fusa; «strøyma sterkt», kanskje om den værharde fjorden, på vasskvervlar og på jettegryter. Jettegryta som er forma i berget ovanfor sentrum, er ei av dei største i landet.

## FUSA

Fusa er i slekt med fus «framfus» og fusa «strøyma sterkt», kanskje om fjorden; i så fall kan det tydst som «den værharde». Opsta kjem av eldre Øfstastofa. Førsteleddet i Vinnes heng truleg saman med vinna «arbeid»; her i tydinga «neset som er hardt å vinna framom». Skagatangen er «smør på flekk», jf. gno. skagi «framstikkande land»; lik Skagen på Jyllands nordspiss. Mjånes kjem av mjå «smal», medan Balleseim (Balders-) kan innehalda gudenamnet Balder. Sundvor kan setjast i samband med gno. sundvqrdr «sundvaktaren». Førsteleddet i Holdhus er gno. hōldr «odelsbonde». Hammar «berghammar» ligg til grunn for Hammarstrand, medan førsteleddet i Kikedalen synest vera gno. keikr «tilbakebygd». Gjøen er ei samandraging av eldre Gó-vin, der førsteleddet er gno. góí «tida frå nymåne i slutten av februar til neste nymåne»; her kanskje fordi det er tidleg snøbert. Boga heng saman med gno. bugar «innbøying (i terrenget)».

Sildesalting i Engevikhavn i 1894.

